

Norsk: kjenneteikn på måloppnåing

Rettleiande nasjonale kjenneteikn på måloppnåing for standpunktvurdering etter 10. trinn.

ARTIKKEL | SIST ENDRET: 01.04.2016

Kva er kjenneteikn på måloppnåing?

Kjenneteikn på måloppnåing er beskriving av kvaliteten på kompetanse i fag. Kjenneteikna tek utgangspunkt i kompetansemåla slik dei er beskrivne i læreplanane. Kjenneteikna er utforma på tvers av hovudområda i faga for å uttrykkje kompetanse i faget som heilskap. Kjenneteikna må derfor brukast saman med læreplanane.

Kjenneteikna på måloppnåing er meint å vere ei støtte for standpunktvurderinga og skal gi ei felles nasjonal retning for vurderingsarbeidet. Kjenneteikna på måloppnåing er utforma slik at dei skal gjere lokal konkretisering og tilpassing mogleg. Samarbeid mellom kollegaer om kompetansemål og kjenneteikn kan bidra til ei felles forståing og eit felles språk om kva elevane skal lære, og kva som kjenneteiknar ulik grad av måloppnåing. Eit slikt tolkingsfellesskap inneber ikkje at all vurdering skal gjerast på ein bestemt måte, men at felles drøfting og forståing av vurderingsgrunnlaget kan fremje rettferdig vurdering av kompetansen til kvar enkelt elev.

Kjenneteikna er utforma på tre nivå

Kjenneteikna er utforma på tre nivå: for standpunktkarakteren 2 med beskrivingar av låg kompetanse i faget, for standpunktkarakterane 3–4 med beskrivingar av nokså god og god kompetanse i faget og for standpunktkarakterane 5–6 for beskrivingar av mykje god og framifrå kompetanse i faget. Karakterbeskrivingane finn de i forskrift til opplæringslova § 3-4.

Standpunktkarakteren gir uttrykk for kompetanse i faget og skal fastsetjast på bakgrunn av dei samla

kompetansemåla i faget. Ein elev kan vise kompetanse på ulike nivå i matrisa. Elevane bør bli kjende med kjenneteikn på måloppnåing på eit tidleg tidspunkt i opplæringa, slik at dei veit kva som er forventa av dei når standpunkt karakteren skal fastsetjast. Kjenneteikna, brukte saman med læreplanen, skal hjelpe læraren til å vurdere eleven sin samla kompetanse i faget.

Kjenneteikna skal vere til støtte for standpunkt, men bør òg brukast undervegs i opplæringa

- Presenter og diskuter kjenneteikna med elevane dine tidleg i opplæringa slik at dei forstår kva som er forventa av dei ved avslutninga av opplæringa. I dialogen mellom lærar og elev er det viktig å formulere realistiske mål tilpassa den enkelte.
- Bruk kjenneteikna undervegs i tilbakemeldingane dine til elevane, slik at dei veit kvar dei er og kvar dei skal, og korleis dei skal komme seg til målet.
- La elevane vurdere seg sjølve med utgangspunkt i kjenneteikna

Norsk: Rettleiande nasjonale kjenneteikn på måloppnåing for standpunktvurdering etter 10. trinn

Vurderingsmatrisa i norsk beskriv eleven sin kompetanse på tvers av hovudområda i faget og gir retning for korleis eleven sin kompetanse skal vurderast ut frå om kompetansen blir vist munnleg eller skriftleg.

Kjenneteikn norsk munnleg

Karakteren 2	Karakterane 3 og 4	Karakterane 5 og 6
Eleven gir att noko kunnskap, fortel om og uttrykkjer egne meiningar om tekstar og enkelte faglege emne i ulike munnlege kommunikasjonssituasjonar	Eleven viser kunnskap, forklarar og reflekterer over tekstar og faglege emne i ulike munnlege kommunikasjonssituasjonar	Eleven bruker relevant kunnskap, utdjupar og reflekterer på sjølvstendig grunnlag over tekstar og faglege emne i varierte munnlege kommunikasjonssituasjonar
Eleven gir att innhald og gir eksempel på enkelte sider ved tekstar, forklare kjende verkemiddel	Eleven gir att innhald, samanliknar og reflekterer over enkelte sider ved tekstar, gjer greie for og har ei grunnleggjande meining om korleis enkelte verkemiddel fungerer i teksten	Eleven gir att innhald, analyserer, tolkar og samanliknar tekstar ut frå ulike innfallsvinklar, gjer greie for bruken av verkemiddel og reflekterer over den funksjonen dei har
Eleven presenterer noko fagstoff på ein forståeleg måte	Eleven presenterer variert fagstoff	Eleven presenterer relevant og variert fagstoff på ein sjølvstendig

og kan bruke enkelte presentasjonsverktøy	tilpassa situasjon, mottakar og medium og kan bruke ulike presentasjonsverktøy	måte tilpassa situasjon, mottakar og medium og kan bruke formålstenlege presentasjonsverktøy
Eleven finn og gir att informasjon frå enkelte kjelder	Eleven finn og bruker relevant informasjon frå ulike kjelder og grunngir val av kjeldene	Eleven finn, reflekterer over og bruker relevant informasjon frå eit utval av kjelder på ein formålstenleg måte
Eleven gir tilbakemeldingar og grunngir til ein viss grad eigne meiningar om eige og; andre sitt arbeid ut frå faglege kriterium	Eleven gir grunngitte tilbakemeldingar og vurderer sider ved eige og andre sitt arbeid ut frå faglege kriterium	Eleven gir konstruktive tilbakemeldingar på andre sitt arbeid og vurderer eige og andre sitt arbeid ut frå faglege kriterium og ut frå kunnskap om tekst og språk
Eleven lyttar og deltek til ein viss grad i samtalar og diskusjonar, gir innspel og formulerer eigne meiningar	Eleven lyttar, deltek i samtalar og diskusjonar med grunngitte meiningar og bruker innspel frå andre i den vidare samtalen	Eleven lyttar kritisk, deltek i samtalar og diskusjonar, viser forståing for andre sine argument og driv samtalen vidare gjennom sakleg og grunnmitt argumentasjon
Eleven bruker eit forståeleg språk og enkelte omgrep frå grammatikk og tekstkunnskap i førebudde kommunikasjonssituasjonar	Eleven bruker eit variert språk og enkelte omgrep frå grammatikk og tekstkunnskap i ulike kommunikasjonssituasjonar	Eleven bruker eit presist språk der omgrep frå grammatikk og tekstkunnskap inngår i ulike kommunikasjonssituasjonar

Kjenneteikn norsk skriftleg

Karakteren 2	Karakterane 3 og 4	Karakterane 5 og 6
Eleven utformar tekstar til ein viss grad ut frå formålet og endrar eigne tekstar etter innspel og ut frå faglege kriterium	Eleven planlegg og utformar tekstar ut frå formålet, byggjer ut innhald og bearbeider eigne tekstar etter innspel og ut frå faglege kriterium	Eleven planlegg og utformar tekstar ut frå formålet, utviklar innhald, vurderer og bearbeider eigne tekstar ut frå forståing for språk og innhald, etter innspel og ut frå faglege kriterium

Eleven gir att innhald i tekstar, fortel om faglege emne og uttrykkjer egne meiningar om dette ved å bruke nokre kjende fagomgrep	Eleven gir att innhald, løfter fram hovudtankar i tekstar og faglege emne og reflekterer over dette ved å bruke fagomgrep	Eleven gir att innhald, løfter fram hovudtankar og uttrykkjer sjølvstendige perspektiv på tekstar og faglege emne ved å bruke relevante fagomgrep
Eleven bruker noko informasjon frå kjelder i egne tekstar der det er relevant, fører opp enkelte kjelder	Eleven bruker informasjon frå ulike kjelder i egne tekstar der det er relevant, kan stort sett integrere, referere, sitere og føre opp kjeldene på ein etterprøvbar måte	Eleven bruker informasjon frå relevante kjelder på ein sjølvstendig måte i egne tekstar der det er relevant, kan integrere, referere, sitere og føre opp kjeldene på ein etterprøvbar måte
Eleven skriv ulike typar tekstar med ein viss struktur og tematisk samanheng og bruker til ein viss grad skrivehandlingar som er tilpassa formålet med teksten	Eleven skriv ulike typar tekstar med klar struktur og tematisk samanheng og bruker skrivehandlingar som er tilpassa formålet med teksten	Eleven skriv ulike typar tekstar med god tematisk samanheng og formålstenleg form og struktur, og bruker ulike skrivehandlingar som er tydeleg tilpassa formålet med teksten
Eleven uttrykkjer seg skriftleg med noko variasjon i setningsoppbygging og tekstbinding, enkelte kjende verkemiddel og ei viss tilpassing til mottakar, formål og medium	Eleven uttrykkjer seg skriftleg med variert setningsoppbygging og tekstbinding og med verkemiddel som er tilpassa mottakar, formål og medium	Eleven uttrykkjer seg skriftleg med formålstenleg setningsoppbygging og tekstbinding, og med bruk av verkemiddel som er tydeleg tilpassa mottakar, formål og medium
Eleven meistrar i hovudtrekk ortografi og sentrale reglar i formverket og formulerer seg forståeleg	Eleven meistrar ortografi, meistrar stort sett formverk og formulerer seg klart	Eleven meistrar ortografi, meistrar i hovudtrekk formverket og formulerer seg klart og variert

